Kompetansekartlegging 2026

For HVK Studiesenter ved Hardanger og Voss Næringshage

Sunneva Kilsti og Ida-Marie Veland // sunneva@opinion.no // 20.10.2026

Innleiing

På vegner av HVK Studiesenter har Opinion gjennomført ei undersøking blant registrerte bedrifter med minst éin tilsett i kommunane Eidfjord, Kvinnherad, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss. Svara er henta inn ved telefonintervju via underleverandør Norstat Norge.

Målet er å kartlegge behovet for kompetanseheving regionalt og i ulike bransjar. Tematisk tek undersøkinga føre seg alt frå konkrete kompetansebehov til form på kurs og utdanningsløp. Rapporten kastar lys over følgjande tema:

- Kompetansemangel
- Tematiske kompetansebehov
- Kor mange arbeidstakarar som treng kompetanseheving
- Ønskja nivå knytt til kompetanseheving
- Relevante tilbydarar
- Praktiske preferansar, som stad og form på undervisning og opplæring
- Hindringar for å tilby tilsette kompetanseheving
- Opplevd relevans av lokale kurs- og etterutdanningstilbod

HVK Studiesenter rettar seg mot alle slags verksemder i Hardangerregionen. Vi rapporterer difor på bransjenivå gjennom heile rapporten sjølv om det er få svar i nokre av bransjane. Talet på svar (n) som ligg til grunn for prosenttal vil i desse tilfella stå i parentes etter bransjenamn, til dømes (n = 2). Små basar gjev store feilmarginar (sjå feilmargintabell på side 5), så desse funna er først og fremst indikasjonar på behov og preferansar.

I rapporten tek vi føre oss kvart spørsmål frå spørjeskjemaet, og dykkar deretter djupare ned i bransjespesifikke behov for vidareutdanning. Til slutt summerer vi opp dei viktigaste analytiske funna.

Innhald

- **Innleiing**
  - Prosjektinformasjon
  - Om utvalet
  - Sektor
  - Stilling
- **Bakgrunn**
  - Tilgang på arbeidskraft
  - Ledige stillingar
  - Kompetansebehov
- **Kompetansekartlegging**
  - Nivå for kompetanseheving
  - Tilbydar
  - Kompetansehevingsløp
  - Behovsområde for kompetanseheving
  - Hindringar
  - Hindringar: Manglande tilbod
  - Lokalt tilbod
- **Kunstig intelligens**
- **Bransjeinnsikt**
- **Oppsummering**
- **Oppfølging**

Prosjektinformasjon

OPPDRAGSGJEVAR

HVK Studiesenter

ved Silje Heistein Lund

METODE

Telefonintervju (CATI)

FØREMÅL

Kartlegging av kompetansebehov hos privat og offentleg næring i regionen

MÅLGRUPPE

Privat og offentleg næringsliv i Eidfjord, Kvam, Kvinnherad, Ulvik, Ullensvang og Voss kommune

GJENNOMFØRING

September / oktober 2026

(veke 39 – 41)

UTVAL

250 verksemder

Feilmarginar

Alle undersøkingar som byggjer på eit utval, har feilmarginar. Feilmarginane kjem i hovudsak av statistisk usikkerheit, altså at utvalet er ei tilfeldig delmengd av alle. Dei kan òg kome av at utvalet ikkje speglar målgruppa godt nok, til dømes om visse typar bedrifter er over- eller underrepresenterte. I denne undersøkinga har vi svar frå 250 bedrifter. Feilmarginane for ulike resultat, med 95 % sikkerheit, er vist i tabellen og grafen til høgre.

Tabellen les du slik: I øvste rad er prosentresultatet og i cellene under er feilmarginane for eit utval på 250 respondentar. Vi kan seie med 95% sannsyn at det rette resultatet ligg frå ± 2,7 til ± 6,2 prosentpoeng, avhengig av storleiken på prosentresultatet. Usikkerheita er størst ved eit prosentresultat på 50% og minst ved prosentresultat på 5% / 95%. Ved eit resultat der 5% av respondentane svarer ja, er feilmarginen 2,7 prosentpoeng. Ved eit resultat på 50% er feilmarginen 6,2 poeng.

Ved mindre basar og når vi bryt ned resultata i mindre grupper vil feilmarginane auke.

Prosentresultat	5 %	10 %	15 %	20 %	25 %	30 %	35 %	40 %	45 %	50 %
Feilmargin	2,7 %	3,7 %	4,4 %	5,0 %	5,4 %	5,7 %	5,9 %	6,1 %	6,2 %	6,2 %



Om utvalet

UTVAL: Undersøkinga er gjennomført ved telefonintervju av registrerte verksemder med minst éin tilsett i Eidfjord, Kvam, Kvinnherad, Ulvik, Ullensvang og Voss kommune.

TALET PÅ INTERVJU: 250 / svarprosent 24,1.

MÅLGRUPPE: Privat og offentleg næringsliv i nemnde kommunar.

TALET PÅ TILSETTE



KOMMUNE



BRANSJE

Sektor



- Storparten av verksemdene er i privat sektor.
- 24 prosent er i offentleg sektor.

n= 250 ? Sektor

Stilling



- Majoriteten av dei som har svart på undersøkinga er dagleg leiar i verksemda.
- 14 prosent har ei anna stilling.

n= 250

? Kva er stillinga di?

Bakgrunn

Tilgang på arbeidskraft



Halvparten av verksemdene synest det er vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Dette er uendra frå 2024.

- Til saman synest 50 prosent at det er ganske eller veldig vanskeleg å skaffe kvalifisert arbeidskraft.
- Verksemder med 50-99 tilsette synest i større grad det er vanskeleg, mens verksemder med éin tilsett synest i mindre grad dette er vanskeleg.

n= 250

? Kor enkelt eller vanskeleg opplever du det er å få tak i kvalifisert arbeidskraft?

Ledige stillingar

- 23 prosent av verksemdene har vakante stillingar fordi dei ikkje får skaffa kvalifisert personell. Dette er heilt likt som i 2024.
- Delen aukar i takt med verksemdas storleik. Blant verksemder med éin tilsett (n = 110) svarar tolv prosent at dei har vakante stillingar. Blant verksemder med 100+ tilsette (n = 4) aukar delen til 75 prosent.
- På bransjenivå er det høgare del ledige stillingar innan industri (n = 10).



n= 250 ? Har du ubesette stillingar fordi du ikkje får kvalifisert personell?

Kompetansebehov

- Halvparten av verksemdene treng kompetanseheving for minst éin tilsett.
- Delen er høgare i offentleg sektor og i verksemder med 20 eller fleire tilsette.
- I hovudbransjen offentleg administrasjon, forsvar og trygdeordningar er delen som treng kompetanseheving for minst éin tilsett 100 prosent (n = 7).
- Ved førre gjennomføring i 2024 var spørsmålet vinkla i et 5-års perspektiv og kan difor ikkje samanliknast direkte med årets funn (sjå nedanfor).
- I 2024 svarte 78 prosent at minst éin tilsett hadde behov for kurs eller utdanning dei neste fem åra.

2024: Kor stor andel av dine tilsette har behov for kurs eller utdanning dei neste fem åra?
(n=258)





n= 250

? Har ein eller fleire av dagens tilsette behov for kompetanseheving?

Kompetansekartlegging

Blant dei som treng kompetanseheving (n = 126)

Tre av fire ønskjer kompetanseheving gjennom korte kurs



Ein klar majoritet ønskjer kompetanseheving som korte kurs (1-2) dagar.

- Korte kurs er ønskt av flest, med mikroemne på andreplass og fagskule på tredje.
- Større verksemder med 50+ tilsette har større behov for årsstudium, fagskule, bachelor og masternivå.
- I privat sektor er det større behov for korte kurs enn i offentleg sektor. Tilsvarande er behovet i offentleg sektor større for emne over 5 studiepoeng, årsstudium og bachelor.
- Kva nivå ein treng kompetanseheving på varierer i stor grad på bransjenivå. Innanfor undervisning ønskjer ein i større grad emnar over 15 studiepoeng, årsstudium, bachelor og master.

n= 126

? Kva nivå ønskjer de kompetanseheving på?

Ca. lik fordeling mellom utdanningsinstitusjonar og andre tilbydarar



Kurs frå annan tilbydar enn offentleg studiestad er mest populært.

- 42 prosent synast kurs frå bransjeorganisasjon, offentleg etat eller privat kursleverandør er relevant tilbydar.
- Til saman synast 40 prosent at ein eller fleire av fagskule, høgskule og universitet er relevant tilbydar.
- Dei som svarer anna er meir opptekne av innhald enn av tilbydar. Dei svarer til dømes:
  - Organisatorisk og eller lovverk/jus
  - Gassteknisk kompetanse
  - Tilsette som er gode med sal og service, flinke med folk
  - Sertifikat klasse C

n= 126 ? Kva type tilbydar vil vere mest relevant?

Nettbaserte studieløp med samlingar er mest etterspurt



På førre side ser vi at til saman 40 prosent av dei som treng kompetanseheving ser på høgskule, fagskule og/eller universitet som relevante tilbydarar.

For desse er eit nettbasert løp med samlingar klart mest relevant. 42 prosent svarar at dette er mest relevant. Alternativet har også høgast snitt.

Samlingar i regionen og bedriftsinternt løp er i snitt om lag like relevant, men det er fleire har valt *samlingar i regionen* som eitt av tre relevante alternativ.

Studiar på studiestaden er minst relevant.

n= 50

? Kva type studie- eller kompetansehevingsløp er mest relevant for dere?

Aktuelle fagområde med utrekning av potensial



n= 126

? Kor mange tilsette treng kompetanseheving innan kvart av desse fagområda dei neste tre åra?

Grafen til venstre visar delen verksemder som treng kompetanseheving innanfor dei ulike områda. Summen er talet tilsette med behov på tvers av verksemdene. Snittet er talet tilsette per verksemd.

OBS: Vi kan ikkje summere på tvers av fagområde fordi vi ikkje veit om same tilsette treng kompetanseheving innanfor fleire felt.

Det er størst behov for kompetanse-heving innan kjernekompetanse.

- Prosentdel, sum og gjennomsnitt heng i stor grad saman. Eit unntak er berekraft, klima og miljø, der fleire store verksemder peikar seg ut med behov for meir kompetanse.
- Det var òg mogleg å svare «anna» på dette spørsmålet. Dei fleste svara ser ut til å vere ei utdjuping av behov innanfor bedrifta si kjernekompetanse. I tillegg blir sosiale media, fotokurs og arbeidsmiljø nemnt spesifikt.

Manglande kjennskap og kapasitetsutfordringar er dei største hindringane mot kompetanseheving

For 17 prosent i målgruppa er det **ingen barrierar** mot å tilby tilsette kompetanseheving.

Blant dei som opplever barrierar er to årsaker mest vanlege:

- **Det blir ikkje tilbode relevante kurs eller utdanningar** 37 %
  Høgare svardel i følgjande bransjar:
  - Overnattings- og serveringsverksemd (n = 9)
  - Offentleg administrasjon, forsvar, trygdeordningar (n = 7)
- **Tid, kapasitet eller** bemanningsvanskar 36 %
  Delen er høgare i større bedrifter med over 50 tilsette (n = 12), og innan fagleg vitskap og teknisk tenesteyting (n = 11).

For nokon er **pris og manglande interesse** blant tilsette også til hinder.

- For dyrt for bedrifta 33 %
  Delen er høgare innafor helse- og sosialtenester (n = 11).
- Tilsette er ikkje interessert 30 %
  Høgare del innanfor undervisning (n = 20).
- Andre årsaker 13 % gjeld:
  - Reiseveg
  - Ikkje relevant kursformat, éin respondent saknar kortare kurs
  - Kommunale, regionale eller statlege prioriteringar som gir færre ressursar til kompetanseheving
  - Språkbarrierar hos tilsette
  - Avgrensa kapasitet hos tilbydarar



n= 126

? Har noko av følgjande hindra bedrifta i å tilby tilsette kompetanseheving?

Om opplevinga av manglande tilbod

På førre side ser vi at 37 prosent meiner manglande relevante tilbod er ei hindring for å tilby tilsette kompetanseheving. Vi følgde opp ved å spørje kva tilbod dei saknar.

- Mange klarar ikkje å identifisere nøyaktig kva dei saknar, og enkelte svarar at dei saknar informasjon om kva tilbod som finnes.
- Andre etterlyser:
  - Bransjespesifikt faginnhald
  - Geografisk nærare tilbod
  - Kortare og fleksibel form på tilboda
  - Tilbod som inkluderer samvære med andre
  - Praksis (hospitantordning, arbeidstrening)
  - KI

Frå opne svar:

«Usikker, vet ikke. Lite tilbud, pga. få som driver med det vi gjør. Kurs finnes i landet, men det er vanskelig å få til i praktisk og økonomisk grad.»

«Enkle kurs som ikke tar for lang tid og er i nærheten.»



n= 46 ? Har noko av følgjande hindra bedrifta i å tilby tilsette kompetanseheving?

Lokale tilbod styrkjer moglegheita for kompetanseheving

- Til saman meiner 63 prosent at lokale tilbod på kurs eller utdanning i stor grad vil styrkje moglegheita for kompetanseheving i verksemda deira.
- 1 av 4 bedrifter (25 %) meiner at eit lokalt tilbod i svært stor grad vil styrkje denne moglegheita.
- Fleire i offentleg sektor meiner at lokale tilbod vil styrkje deira moglegheit for kompetanseheving.



n= 126

? I kva grad vil lokale kurs- eller utdanningstilbod styrke moglegheita for kompetanseheving i di verksemd?

Kunstig intelligens

6 av 10 bedrifter i regionen brukar kunstig intelligens

- 64 % av verksemdene i utvalet nyttar kunstig intelligens i dag.
- KI er meir utbreidd i offentleg (82%) enn i privat (58%) sektor.
- Offentleg administrasjon, forsvar og trygdeordningar (n = 7) nyttar KI i større grad enn andre bransjar (merk liten n)
- Følgande bransjar nyttar KI i mindre grad enn gjennomsnittet:
  - Jordbruk, skogbruk og fiske (n = 26)
  - Transport og lagring (n = 10)



n= 250 ? Nyttar bedrifta KI i dag?

4 av 10 bedrifter treng opplæring innan KI

- Samla svarar 42 % av bedriftene i regionen at dei treng opplæring i bruk av KI.
- Blant dei som allereie nyttar KI i dag svarar 53 prosent at dei treng slik opplæring.
- Opplæringsbehov heng saman med bruk, og større del i offentleg sektor enn i privat sektor seier at dei treng opplæring. Det same mønsteret ser vi på bransjenivå:
  - Offentleg administrasjon, forsvar og trygdeordningar (n = 7) treng i større grad opplæring.
  - Jordbruk, skogbruk og fiske (n = 26), og transport og lagring (n = 10) treng i mindre grad opplæring.



n= 250 ? Treng de opplæring innan KI?

Bransjeinnsikt

Blant dei åtte største bransjane i utvalet

Undervisning

ALLE VERKSEMDER (n = 38)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **53%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **21%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **53%**

Nyttar KI: **79%**

Treng opplæring i KI: **53%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 20)

Det mest ønskjelege nivået: **Emne med 15-30 studiepoeng 65%**

Mest relevante tilbydar: **Høgskule 55 %**

Mest relevant studieløp: **Nettbasert med samlingar**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **IT og digitalisering** (160 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **70%**

Største hindring: **Tilsette er ikkje interessert 50%**

Varehandel

ALLE VERKSEMDER (n = 33)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **52%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **21%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **48%**

Nyttar KI: **42%**

Treng opplæring i KI: **36%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 16)

Det mest ønskjelege nivået: **Korte kurs 88%**

Mest relevante tilbydar: **Kurs frå bransjeorganisasjon, o.l. 56%**

Mest relevante studieløp: **Jamt mellom samlingar i regionen og bedriftsinternt**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **Bedrifta si kjernekompetanse** (27 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **69%**

Største hindring: **Jamt mellom manglande tilbod på relevant kurs og tid, kapasitet og bemanningsvanskar, 31%**

Jordbruk, skogbruk og fiske

ALLE VERKSEMDER (n = 26)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **46%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **15%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **35%**

Nyttar KI: **42%**

Treng opplæring i KI: **19%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 9)

Det mest ønskjelege nivået: **Korte kurs 89%**

Mest relevante tilbydar: **Jamt mellom fagskule, utdanning på lågare nivå, og kurs frå bransjeorganisasjon o.l. 22 %**

Mest relevante studieløp: **Samlingar i regionen**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **HMS og regelverk** (20 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **56%**

Største hindring: **Tilsette er ikkje interessert 56%**

Byggje- og anleggsverksemd

ALLE VERKSEMDER (n = 21)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **62%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **33%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **33%**

Nyttar KI: **57%**

Treng opplæring i KI: **48%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 7)

Det mest ønskjelege nivået: **Korte kurs 100%**

Mest relevante tilbydar: **Kurs frå bransjeorganisasjon o.l. 57%**

Mest relevante studieløp: **Nettbasert med samlingar**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **HMS og regelverk** (21 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **57%**

Største hindring: **For dyrt for bedrifta 43%**

Helse- og sosialtenester

ALLE VERKSEMDER (n = 17)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **47%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **35%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **65%**

Nyttar KI: **76%**

Treng opplæring i KI: **47%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 11)

Det mest ønskjelege nivået: **Korte kurs 82%**

Mest relevante tilbydar: **Kurs frå bransjeorganisasjon o.l. 45%**

Mest relevante studieløp: **Jamt mellom nettbasert med samlingar og bedriftsinternt**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **Bedrifta si kjernekompetanse** (61 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **73%**

Største hindring: **For dyrt for bedrifta 64%**

Overnattings- og serveringsverksemd

ALLE VERKSEMDER (n = 17)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **65%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **29%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **53%**

Nyttar KI: **71%**

Treng opplæring i KI: **41%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 9)

Det mest ønskjelege nivået: **Korte kurs 78%**

Mest relevante tilbydar: **Kurs frå bransjeorganisasjon o.l. 56%**

Mest relevante studieløp: **Nettbasert med samlingar**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **Marknadsføring og kommunikasjon** (59 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **78%**

Største hindring: **Manglande tilbod på relevante kurs 78%**

Fagleg-, vitskapleg og teknisk tenesteyting

ALLE VERKSEMDER (n = 16)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **44%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **19%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **69%**

Nyttar KI: **88%**

Treng opplæring i KI: **44%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 11)

Det mest ønskjelege nivået: **Korte kurs 82%**

Mest relevante tilbydar: **Kurs frå bransjeorganisasjon o.l. 55%**

Mest relevante studieløp: **Heilt nettbasert**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **Bedrifta si kjernekompetanse** (41 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **36%**

Største hindring: **Tid, kapasitet og bemanningsvanskar 64%**

Kulturell verksemd, idrett, fritidsaktivitetar

ALLE VERKSEMDER (n = 16)

Det er ganske eller svært vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft: **21%**

Har vakante stillingar fordi dei ikkje får tak i kvalifisert personell: **0%**

Har tilsette som treng kompetanseheving: **57%**

Nyttar KI: **71%**

Treng opplæring i KI: **43%**

VERKSEMDER SOM TRENG KOMPETANSEHEVING (n = 8)

Det mest ønskjelege nivået: **Korte kurs 88%**

Mest relevante tilbydar: **Kurs frå bransjeorganisasjon o.l. 75%**

Mest relevante studieløp: **Bedriftsinternt**

Flest tilsette treng kompetanseheving innanfor: **Bedrifta si kjernekompetanse** (14 personar)

Lokalt tilbod vil styrke moglegheita for kompetanseheving: **50%**

Største hindring: **Jamt mellom for dyrt for bedrifta og manglande tilbod 50%**

TRE VIKTIGASTE INNSIKTER OG FUNN

1

Halvparten av verksemdene i Hardangerregionen har tilsette som treng kompetanseheving.

Marknadssituasjonen er elles lik som i 2024: Halvparten av verksemdene synest det er vanskeleg å finne kvalifiserte tilsette, og éin av fire har vakante stillingar grunna mangel på kvalifiserte søkjarar.

2

At opplæringa tek **kort tid** og er **geografisk nær,** er viktig for verksemdene. 75 prosent av bedriftene som treng kompetanseheving, føretrekker korte kurs på 1–2 dagar. Kven som er tilbydar er mindre viktig, med lik preferanse for studiar ved universitet, høgskule eller fagskule og for kurs frå bransjeorganisasjon, offentleg etat eller privat kursleverandør. Éi av ti verksemder treng opplæring på lågare nivå.

3

Flest tilsette treng opplæring i bedrifta si kjernekompetanse, med varierande fagfelt.

Det nest største behovet er innanfor IT og digitalisering, inkludert KI. Til saman treng 475 tilsette i regionen opplæring på dette feltet.

64% nyttar KI i dag, men berre 42% meiner dei treng opplæring på feltet. Blant dei som nyttar KI er delen som treng opplæring høgare, med 53%.

Oppfølging

- 34 prosent av dei 126 som har svart på spørsmål om kompetanseheving er villige til å bli kontakta om kompetansebehova i si verksemd. Dette utgjer 43 bedrifter.
  Sjå vedlegg for oversikt og kontaktinformasjon.

Opinion:

INNSIKT SOM BRINGER DEG VIDERE

www.opinion.no | hei@opinion.no | @opinion-as

Opinion AS | Vulkan 16 | 0178 OSLO